

Førsteklasses 1.klassefest på skulen.

21.09.2016



Flotte førsteklassingar..

Det er alt om lag ein måned sidan skulestart, og dei nye 1.klasseelevane på Uskedal skule er alt godt i gong. Denne hausten byrja 15 elevar i 1. klasse, og det gjer at elevtalet er stabilt i Uskedalen, medan det går kraftig på ned i Kvinnherad. Denne veka hadde skulen ein veldig kjekk fest for dei nye førsteklassingane.



Flere flotte førsteklassingar.

Klassane hadde øvd inn eit flott program, og tirsdag vart det invitert til fest i Aktivitetshuset, og med flotte song- og danseinnslag ønskte resten av klassane førsteklassingane velkommen i elevflokk. Foreldre og besteforeldre var inviterte, og dei fekk ei flott stund saman med elevane og lærarane i hallen. Nok ein gong viste

elevane og lærarane ved skulen at dei samarbeider godt, og er framifrå programskaparar. Publikum fekk oppleve mykje både av talent og speleglede!

7. klasse dansa og song til Trond Viggo Torgersen sin 'Hjalmar'. 5. klasse hadde ein flott rap. 4. klasse song og dramatiserte 'Møkkamann', og nokre av dei var nesten verdsmeistrar i 'luffløyta'. 3. klasse song om venskap, og 2. klasse 'Stopp, ikkje mobb kamerten min'. Til slutt vart 1. klasse presentert, og dei song to songar for heile skulen.

Foreldra hadde ordna med kaker og bakst, så 1. klassingane koste seg skikkelig etterpå. 6. klasse var ikkje med på festen då dei var til fjells på overnattingstur med Odd Steinar.



2. Klasse



3. Klasse



4. Klasse dramatiserer Møkkemann



4. Klasse spelar luftfløyte.



5. klasse rappar



7. klasse dansar og syng Hjalmar.

Foto: Lilli Britt Urheim
Tekst: Lilli Britt Urheim/Thor Inge Døssland
Nett: Thor Inge Døssland